



**STRENGARE:** Hotelleigar Erik Flåten meiner politiet må gjera meir for å hindra fyll og bråk i sentrumsparken i Sogndal. Han vil og ha innskjerpa skjenketider.

# Rasa mot fyll og bråk i sentrumsparken

■ ■ Folkemøte ■ ■ Kritikkk mot kommunen og politiet

**SOGDAL: Hotelleigar Erik Flåten meiner at politiet gjer for lite for å stogga det han meiner er utagerande fyll og bråk i sentrumsparken i Sogndal.**

Sjølvsom valdsepisodar og kriminalitet har ei positiv utvikling, påpeika fleire at det er mykje bråk og skral i sentrum nattetid.

Erik Flåten frå Park Hotell Sogndal, som har drive i bransjen i 40 år, retta kritikkk både mot kommunen og politiet i eitt av sine mange innlegg.

– Sentrumsparken er åstad for utagerande oppførsel blant ungdommar til langt på natt. Dette går på generelt høgt støynivå, uriner og vandalisme. Ugjerningane varar til langt på natt og gjer oss i sentrum opprørte og eg føler at me ikkje vert høyrde. Eg har sjølv kontakta politiet eit titals gonger, men det er liten eller ingen respons å få. Me opplever at politiet sit i bilane sine og ser på at folk urinerer i gatene. Dette tykkjer eg er alarmerande. Kanskje statistikk ser betre ut enn røynd, avslutta Flåten.

Lenmann Jan-Tore Thue repliserte med at politiet all-

tid måtte gjera ei prioritering utan at han kunne gå inn på dei ein skilde sakene.

– Me har ei positiv utvikling i Sogndal. Rapportar viser at tala på skadeverk og valdstilfelle er halvert i 2010. Uansett må me sjølv sagt fokusera på førebyggjande element og oppretthalda det gode arbeidet me gjer i heile kommunen, sa Thue under eit ope møte om tryggare uteliv tysdag kveld.

## Folkemøte

Fråhaldsorganisasjonen **IOGT**, som i si tid var med å starte frivilligsentralen i Luster og Sogndal, reiser for tida rundt og arrangerer folkemøte om auka trivsel i utelivet. Dei set på dagsorden sterkare kontroll og handheving av

alkoholovgjevinga samt større fokus på følgjene og samanhengen mellom alkohol og kriminalitet. Odd Kjell Ingvaldsen, som representerte **IOGT**, kom med skremmande tal frå undersøkingar i Sverige som kom ut i 1990. Denne syner mellom anna at øl og brennevin leiart til fleire valdstilfelle og at ein liter meir alkohol i årleg forbruk på landsbasis gjev 2.000 fleire valdstilfelle. Uansett kunne møte einast om at det er ein klar samanheng mellom alkohol og kriminalitet generelt. **IOGT** ville setja fokus på eit samarbeid mellom fleire samfunnsgrupper for å betra vilkåra og sikkerheita til gjester. Organisasjonen etterlyste ei prosjektgruppe samansett av

politi, bransjefolk, kommune og frivillige organisasjonar.

## Mangla svar

Sogndal kommune var den einaste av dei 30 utvalde møteplassane som ikkje hadde svarta på eit spørjeskjema om eksisterande kontrollrutinar og resultatet av desse. Likevel kom kommunen godt ut av kritikken når ordførar Aarvoll viste til ei godt gjennomarbeidd ruspolitisk handlingsplan som går endå grundigare til verks enn dei faktorane **IOGT** viser til.

– Me ynskjer i tillegg å setja fokus på ungdommen. Sogn Ungdomsråd er noko ein kvar kommune bør misunna oss. Dei har gjort og gjer ein fantastisk jobb, sa ordførar Jarle

Aarvoll som svar på den manglande tilbakemeldinga. Me har også teke dei med på utarbeidinga av planane våre og dette viser at me har fleire element som gjer planane betre. I tillegg kom han med ros til dei frivillige som jobbar i nattuglene.

– Me ser at nattuglene gjer ein framifrå jobb. Deira rolle som ein nøytral oppsynsvakt har ein positiv verknad på den preventive sida. Ungdommar tykkjer det er tryggare med vaksne til stades og me trur at måten dei viser seg på og måten dei tiltalar folk på er eit viktig element for å bevare ro og orden.

Trond Rogne  
redaksjon@sognavis.no

## Vil ha strengare skjenketider

**SOGDAL: Erik Flåten var overbevist om at tidlegare stengjetider ville endre situasjonen i sentrum nattetid.**

– Eg skjønner ikkje kvifor me skal skjengkja folk til kl 02 om natta. Ein overgangsperiode på opptil tre år der alle utestadene samarbeider, ville

utan tvil endre bilete kraftig. Dersom folk kjem tidlegare ut unngår ein noko av den uhandterlege trafikken i gatene til langt på natt, sa Flåten. Atle Læg Reid som driv Læg Reid Hotell og den kjende Læg Reid puben delar ikkje Flåten sitt synspunkt.

– Dersom me skulle stengja tidlegare kan me berre kutte ut drifta. 70 prosent av gjest-

ene våre går ut etter kl. 00.30. Dersom me vil endre dette må det andre verkemiddel til. Dette er ein vits, avsluttar Læg Reid.

Sogndal Hotell som blant anna driv diskoteko Soho ser annleis på saka.

– Me ser ikkje at tidlegare stengjetid vil direkte endra åtførdingsmønsteret i sentrum. Spesielt studentane er vande

med endå lengre opningstider enn me har i Sogndal. Dessutan kjem folk seint ut og dette vil vera vanskeleg å endra, seier Jørgen Lindstrøm ved Quality Sogndal Hotell. Sogn Avis lukkast ikkje å kome i kontakt med Randi Marie Sjøholt, direktør i SISOF, som uttalar seg på vegner av Studenthuset Meieriet.